


Postmottaket

Fra: Anita.Bjoerk.Ruud@luster.kommune.no
Sendt: 11. desember 2003 14:34
Til: Postmottaket
Kopi: Steinulf.Skjerdal@luster.kommune.no
Emne: Sak nr. 2003 02997 - høyring frå Luster kommune



Denne vert ikkje sendt pr. post.

Venleg helsing

Anita Bjørk Ruud
politisk sekretariat

Landbruk og naturforvaltning

Det kgl. Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO
sendt pr. e-post til: postmottak@ld.dep.no

Gaupne, 11.12.03
Arkivsak: 03/03404
Arkiv nr.: /V00/ &13
Sakshands.: Steinulf Skjerdal

MELDING OM VEDTAK HØYRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØ- TILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

Vi viser til Dykkar brev dat. 28.10.03.

Formannskapet i Luster har handsama saka i møte den 10.12.03, sak 130/03.

Luster kommune har fylgjande

Høyringsuttale:

"Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket

Forskrifta skal erstatta:

- Forskrift om investeringsstønad til miljøtiltak
- Forskrift om tilskot til miljøretta omlegging av kornområder.
- Forskrift om tilskot til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar (STILK).

Føremålet med omlegginga er å "fremje miljøverdiar" og redusera landbruksforureininga i kulturlandskapet ut frå lokale prioriteringar og tilpassingar.

Retningslinjene til tilskot gitt i "forskrift om investeringsstønad til miljøtiltak" (16 s.) og i "forskrift om tilskot til spesielle tiltak i Landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar", vert samla i fyrste ledd § 5 i den nye forskrifta. Der står det: "Det kan gis tilskot til gjennomføring av tiltak som ivaretek miljøverdiar i landskapet og som bidrar til å hindre eller redusere forureininga eller forureining frå landbruket".

"Miljø" er eit populærbegrep som i dag blir brukt i svært mange samanhengar. I ei forskrift er det viktig å konkretisera kva ein meiner med dette ordet. Luster kommune saknar ein slik definisjon. Kan det til dømes med den nye forskrifta framleis bli gitt tilskot til:

- Restaurering av freda eller verneverdige bygningar?
- Tilgjenge, som rydding av stiar, ferdselsveggar m.m?
- Opplysning til allmennheita som t.d. skilting, informasjonstavler?

ADRESSE:
Rådhuset
6868 GAUPNE

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 00

TELEFAX
57 68 55 01

E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142

Tilskotet til restaurering av freda eller verneverdige bygningar var i den gamle STILK - ordninga på 35 %. I den nye forskrifta er tilskotet maksimalt 70 %, utan at restaurering er nemnt. Vil dette då også gjelde restaurering?

For Luster kommune er det viktig å framleis ha mulegheita til å støtta prosjekt som nemnt over. I kommunen er fleire prosjekt i startfasen med tanke på utarbeiding av søknad, innhenting av fagutgreiing og kostnadsoverslag, og mange av desse gode prosjekta vil dessverre verta skrinlagde dersom kommunen ikkje får høve til å yta støtte som tidlegare år. Dette vil då dessverre medføre redusert aktivitet innafor restaurering og bygningsvern.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Utkastet til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er heimla i jordlova av 12. mai 1995 og skal erstatta 7 eldre forskrifter, jamfør s. 4 i utkastet. Forskrifta skal gje kommunane utstrakt vedtaksmynde i bruk av statlege tilskott. I følgje høyringsbrevet frå landbruksdepartementet er formålet å styrka det lokale sjølvstyret, og er ei vidareføring av arbeidet med å overføre oppgåver i landbrukspolitikken til lokaldemokratiet, jamfør St. meld.nr.1 (2001-2002). Formålsparagrafen i sjølve forskrifta er "Formålet med tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er ut fra lokale prioriteringar og tilpasningar, å bidra til å fremme økt utnyttelse og verdiskapning i skogbruket samtidig som miljøverdiene blir ivaretatt og videreutviklet"

Landbruksdepartementet legg likevel sterke føringar på korleis støtta til skogbruket skal nyttast. I kapittel 2 i utkastet til forskrifta heiter det såleis at det kan gjevast tilskott til skogkultur, men det er ikkje høve til å gje tilskot til planting eller såing. Med unnatak i år (2003) har staten gitt stønad til skogplanting i om lag 100 år. Det er lita tvil om at planting tilpassa det lokale miljøet er det viktigaste kulturtiltaket innafor kunsten å dyrka skog. Hovudparten av statsstøtta til skogkultur har gått til planting. Stort sett har det vore semje om at dette har vore fornuftig politikk, mellom anna av di planting er det tiltaket der det tek lengst tid før ein får nytte av investeringa. Mange kommunar gjev tilskott til planting av egne midlar. Det er såleis ikkje samsvar mellom formålet med omlegginga (styrking av lokaldemokratiet- imøtekomma lokale prioriteringar og tilpasningar) og dei føringane på bruk av tilskotta som vert gitt i utkastet til forskrift.

I kapittel 5 heiter det at det er ikkje høve til å gje tilskott til togbanedrift. I om lag 20 år har staten gitt stønad til togbanedrift, og mange privatpersonar har investert i kostbare togbaner i tru på at ordninga ville fortsetja. Også i år (2003) vert det gitt stønad til togbanedrift. I høve til dei store pengesummene som har vore gitt i stønad til planting, er det "småpengar" som har vorte gitt til stønad til drift i vanskeleg terreng. Støtta har likevel hatt mykje å seia lokalt. Med dei store variasjonane i vilkåra for framdrift av tømmer som det er i Norge, er det ikkje logisk å forby kommunane å gje statstilskot til togbanedrift, dersom ein skal ta på alvor at formålet med omlegginga er å imøtekomma lokale prioriteringar og tilpasningar.

I høyringsbrevet frå landbruksdepartementet vert det opplyst om at det i tildelingsbrevet for tilskott frå landbruksdepartementet til fylkesmennene og vidare til kommunane, vil ligga avgrensingar i bruk av midlane. Tilskott til skogsvegar skal maksimalt utgjera 50% av det tildelte beløp i den enkelte kommune. Dette står også ikkje i sjølve forskrifta, men det syner at departementet kan styra bruken av midlane ved å setja vilkår for tildelinga. Eit slikt vilkår tek ikkje omsyn i det heile til lokale prioriteringar og tilpasningar. I skogkommunane på Austlandet (og lokalt einskilde plassar på Vestlandet) er skogsvegbygginga stort sett avslutta, medan der det har vore dreve skogreising er bygging av skogsvegar knapt byrja. Det er heilt

naudsynt å byggja skogsvegar på Vestlandet i mange år framover dersom ein skal kunna ta ut tømmeret som etter kvart vert hogstmoge.

Konklusjonen på høyringsuttalen i dette notatet er at det er svært uheldig at staten legg så sterke føringar på tilskott som kommunane skal formidla. Slike føringar vil hindra kommunane i å nytta tilskotta slik at dei gjer mest mogeleg nytte lokalt. Med slike føringar som at maksimalt 50% av støtten til skogbrukstiltak i kommunane kan nyttast til skogsvegbygging, er det stor risiko for feilinvesteringar. Det er ikkje sikkert at ein kan finna fornuftige tiltak for halvparten av det tildelte beløp i kvar kommune, når ein heller ikkje kan gje støtte til planting eller til togbanedrift. Best mogeleg lokal nytte av tilskotta gjev og best nytte nasjonalt.

Tildelinga av tilskott til nærings og miljøtiltak i skogbruket har tidlegare vore styrt administrativt av landbruksdepartementet og fylkesmennene. Med denne omlegginga vil kommunane sjølv kunna prioritera kva for tiltak dei vil støtta. Men omlegginga vil vera mindre effektiv så lenge landbruksdepartementet legg så sterke føringar på korleis statstøtta skal nyttast.”

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat